

Søknad om å være praksisskole ved NLA Høgskolen

Søknadsfrist 17.februar 2017.

Svar fra NLA Høgskolen innen 10.mars 2017.

Skole	Alversund skule
Skoleeier/kommune	Lindås kommune
Årstrinn (1-7, 8-10, 1-10)	1-7
Skolens adresse	Nedre Alver 2
Poststed	5913 Alversund
Rektors navn	Leif Bjørnar Hopland
Telefon rektor	56 37 54 63
E-post rektor	leif.bjornar.hoplandindas.kommune.no

Utfyllende søknad

1. Kort beskrivelse av skolens utviklingsarbeid, satsingsområder, prosjekter og kompetanse
2. Begrunnelse for ønsket om å være praksisskole
3. Ønsket praksisomfang (ønskelig med min. 2 praksislærere, aktuelle klassetrinn, fag og andre relevante opplysninger)

Alversund skule har 360 elevar og 40 pedagogar. Størrelsen til skulen gjer at ein har formell fagleg kompetanse innafor alle undervisningsfaga. Skulen har kompetanse på masternivå i matematikk og pedagogikk eventuelt og samfunnsfag. Ingen av øvingslærarane har denne kompetansen. Skulen var tidleg i gang med å utvikla ein god vurderingskultur, og fekk prosjektmidler gjennom «vurdering for læring» satsinga. Dette har gjort at me tenkjer god vurderingspraksis som ein basis og inn mot andre utviklings- og satsingsområder. Eit godt psykososialt skolemiljø er eit anna hovudsatsingsområde. Inneverande og neste skuleår arbeider me med å bli kursa i programmet DuÅ- «De Utrolige Årene». Skulen har elles i særleg grad hatt fokus på å utvikla lesekompetansen, og er inne i 4. året med å implementera Leselosprogrammet. Dei satsings- og utviklingsområda skulen har fokus på vil vera nytig for studentar å få innblikk i. Dette vil vera generelt nyttige i deira vidare praksis og etter kvart arbeidskvardag.

Alversund ønskjer å halda fram med å vera praksisskule først og fremst fordi det har vore ein utelukkande positiv erfaring for skulen. Studentane blir inkludert i klasse- trinn og teamarbeidet med sine erfaringar og spørsmål som gjer at me må vera skjerpa og medvetne dei vala me gjer som skule. Studentane er i ein lærings- og rettleiingssituasjon som me håper dei opplever som positivt, men dei er også ein ressurs for skulen med det dei tilfører elevgruppa og miljøet. For oss som praksisskule er det også ein eigenverdi at me får ha ein kontakt mot utdanningsmiljøet blant anna i rektormøter og øvingslærararmøter der ein kan få faglege innspel og oppdateringar. Og ikkje minst ønskjer skulen å bidra til å vera med på å utdanna framtidige lærarar.

Skulen ønskjer i utgangspunktet å bidra med 2 praksislærarar på 5.-7. trinn. Det kan også vera mogleg å få til at ein av praksislærarane har elevar på 1.-4. trinn. Me har av erfaring sett at me har klart å dekkja dei fleste fagområda som NLA har og trur me skal kunna finna løysingar på det og framover utan å spesifisera vidare fagønsker.



